

Rapport til NHF fondet.

Frå Ingrid Skolås Jankov

Sidan NFH skal arrangere europeisk kongress i Oslo neste år har det vore viktig å delta på internasjonale kongressar for å fortelje om arrangementet.

NFH bevilga pengar til reise til den internasjonale kongressen i Orlando 23.-26.juni i år og eg fekk oppgåva med å dra.

Kongressavgifta fekk eg dekkja på jobben, men framleis var der eit finansieringsgap som eg søkte Fondet om – og fekk positivt svar (så då slapp eg å ligge i telt i Orlando).

Eg anbefalar alle å prøve å få med seg nokre av dei internasjonale og regionale kongressane. Det er interessant og inspirerande både fagleg og sosialt.

I Orlando var det eit tettpakka program frå 8 til 5 alle dagane!

To kveldar var det samankomstar i amerikansk stil og opphaldet var på Caribe Royale Orlando Hotel and Convention Center (varmt og fuktig ute og kaldt inne!).

Kvar føremiddag var det plenumsforedrag og paneldiskusjonar:

Torsdag var temaet handledd med Marc Garcia-Elias. Og så skulle han hatt med seg Elisabeth Hagert, men ho meldte avbod. (Henne blir det mogleg å høyre i Oslo til våren, på Eurohand2011).

Ein terapeut presenterte behandlingssopplegg fro SL-skader basert på ny kunnskap om handleddet, og for meg var dette fyrste møtet med DTM; Dart throwing motion, brukt som tidleg, aktiv kontrollert trening. Han ekspedimenterte med å få til ei ortose som tillet DTM, men stabiliserte i andre retningar.

Fredag var “Sculpting the Brain” tema og på laurdag” Healing and the Human Hand: Do We Know What We Think We Know about Tendon Management? / Do We Know What We Think We Know about Fracture Management?”

Ein av forelesereane på laurdag var ein kanadisk kirurg som heiter Don Lalonde. Han snakka bl.a om “ Wide Awake Flexor Tendon Surgery”,som i alle fall var heilt ukjent for meg. (Han har publisert fleire artiklar i bl.a. Plastic and Reconstructive Surgery, Journal of the American Society of Plastic Surgeons).

Eg fekk og gleder av å møte, og å høyre på, handterapiens ”grand old Lady” Evelyn Mackin som var ISFHT’s fyrste leiar. Hennes motto var ”pass it on” – del med deg av det du kan, så får du lære meir!

Gjennom heile kongressen bruka eg tid på å snakke med folk og dele ut bokmerke med reklame for kongressen i Oslo. Responsen virka veldig god, så det blir spennande å sjå kor mange som kjem når det blir mai 2011.